



**STORD
KOMMUNE**

Høyringsdokument

Framlegg til revidert rettleiande forskrift om kringgrenser for grunnskulane i Stord kommune



Innhold

BAKGRUNN:.....	3
1 LOKALE TILHØVE.....	3
1.1 Utgangspunkt – mandat.....	3
1.2 Tidsplan.....	3
2 NÆRSKULEPRINSIPPET OG RETTLEIANDE LOKAL FORSKRIFT	3
3 NÆRARE OM KAPASITET.....	5
4 VURDERING AV KAPASITET PÅ ALLE BARNESKULANE I KOMMUNEN	8
4.1 Langeland skule.....	8
4.2 Tjødnalio skule	9
4.3 Sagvåg skule	10
4.4 Leirvik skule	10
4.5 Litlabø skule	10
4.6 Hystad skule.....	10
4.7 Rommetveit skule	11
5 DEFINERING AV NÆRSKULEN OG FRITT SKULEVAL.....	11
6 ENDRINGAR RETTLEIANDE FORSKRIFT OG KAPASITETEN VED UNGDOMSSKULANE	11
7 KONKLUSJON	11

Vedlegg: Framlegg til revidert Rettleiande forskrift om kringsgrenser for grunnskulane i Stord kommune, med tilhøyrande kart.

BAKGRUNN:

1 LOKALE TILHØVE

1.1 Utgangspunkt – mandat

Komit  for oppvekst og utdanning gjorde i sak 6/17 slikt vedtak:

«Komit  for oppvekst og utdanning ber r dmanden starta arbeidet med   revidera Rettleiande forskrift om kringsgrenser for grunnskulane i Stord kommune.

F rem let med revisjonen er   justere kringsgrensene mellom skulane i Stord kommune med verknad fr  2018/2019.

Saka skal handsamast som ei forskrift etter forvaltningslova kap. VII.»

Utgangspunktet for saka var at Langeland skule var full hausten 2017, og har m tta nytta spesialrom til undervisning. I  ra framover vil det ikkje vera kapasitet til   ta imot alle elevane som etter gjeldande rettleiande forskrift soknar til Langeland skule. Samstundes har Tj dnalio skule ledig kapasitet. Det vert her vist til gjeldande rettleiande forskrift om kringsgrenser for grunnskulane i Stord kommune (heretter kalla rettleiande forskrift).

1.2 Tidsplan

R dmanden har utarbeidd eit administrativt forslag til revidert rettleiande forskrift om kringsgrenser for grunnskulane i Stord kommune (heretter kalla revidert rettleiande forskrift). Denne blir lagt til offentleg ettersyn i tida 04.09.- 04.10.17. H yringa vert kunngjort p  kommunen sine heimesider og i lokalpressa.

Det administrative forslaget til revidert rettleiande forskrift vil p  bakgrunn av h yringsrunden bli vurdert og lagt fram til politisk handsaming i Komit  for oppvekst og utdanning i m te 14.11.17.

Av omsyn til innskrivinga av elevar som skal ta til i 1. klasse hausten 2018 er det naudsynt   f  vedteke ny forskrift i 2017.

2 N RSKULEPRINSIPPET OG RETTLEIANDE LOKAL FORSKRIFT

2.1 N rskuleprinsippet

I oppl ringslova   8-1, heiter det:

«Grunnskuleelevane har rett til   g  p  den skolen som ligg n rast eller ved den skolen i n rmilj et som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike omr da i kommunen soknar til.»

Elevar i grunnskulen har ein lovfesta individuell rett til   g  p  n rskulen. Kva som skal reknast som n rskulen vert avgjort av ei rekkje forhold omtalt i oppl ringslova sine forarbeid, jf. NOU:18 1995 og Ot.prp. nr. 46 (1998-1999). Det skal tas utgangspunkt i geografi, men ogs  andre objektive forhold som topografi og s rleg farleg eller vanskeleg skuleveg er relevante omsyn. I tillegg kan det leggjast vekt p  subjektive forhold som at eleven har s sken p  skulen og skulen sin kapasitet.

Formålet med nærskuleprinsippet er m.a. å gje borna eit fast haldepunkt i nærmiljøet. Borna skal såleis ha rett til skuleplass i det som er deira naturlege nærmiljø. Dette vil gi ei hensiktsmessig organisering lokalt og ein føreseieleg situasjon for elevar og føresette. Det skal såleis vera relevant å ta omsyn til at elevar frå same bumiljø skal få gå på same skule.

2.2. Lokal forskrift

Opplæringslova § 8-1, 1. ledd 2. pkt. gjev likevel kommunen heimel til å fastsetje lokale forskrifter; "om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til." Denne forskriftsheimelen er først og fremst gjevne for å sikra føreseieleg tildeling for innbyggjarane i kommunen, samt styra den kommunale sakshandsaminga og sikra likehandsaming.

Utdanningsdirektoratet skriv i ein prinsipputtale datert 21.09.09 følgjande:

«Forskrift om skolekretsgrenser skal være en funksjon av hvordan nærskuleprinsippet skal ivaretas for den enkelte elev i kommunen. Forskriften må være utformet i samsvar med de hensyn er lovlige etter en tolkning av lov og forarbeider – se over. Det kan ikke legges vekt på hensyn som vil være i strid med nærskuleprinsippet eller opplæringslovens formål; for eksempel "lik belastning" på kommunens skoler, opprettholdelse av skoler med svakt elevgrunnlag, spredning av faglig sterke og svake elever, samling av minoritetselever og spesialundervisningselever osv.

En forskrift vil derfor være klarest der den legger vekt på objektive forhold som geografi og topografi. Forskriften må imidlertid også åpne for å legge vekt på subjektive forhold, der spørsmål om nærskuleprinsippet må avgjøres i den konkrete sak.»

Både gjeldande rettleiande forskrift, samt revidert rettleiande forskrift legg vekt på kriterie som geografi og topografi m.m.

Geografi

Elevane i Hornelandsvågen, Heiane Sør/Horneland og Hatlandsåsen (heretter kalla bustadfelte), har kortare veg til Langeland skule enn til Tjødnalio skule. For alle bustadfelte talar geografimomentet for at Langeland skule er deira nærskule. Sjølv om distanse vil gje ein enkel og praktisk regel, vil den ikkje i alle høve ivareta dei omsyn som ligg til grunn for nærskuleprinsippet.

Topografi

Topografi er skildring av terrengforhold, som høgde, vegetasjon, bustadfelt, vegar m.m. Det mest framtrедande topografiske skiljet mellom Langeland skule og Tjødnalio skule er kanskje E-39 mot Bømlafjordtunellen. Elevane soknar i dag til den skulen som ligg slik til at dei ikkje må kryssa E-39 mot Bømlafjordtunellen for å komma til skulen. Elevar som bur i Hatlandsåsen og Hornelandsvågen må kryssa E-39 mot Skjersholmane for å komma til Langeland skule. Dette kan kanskje vera eit naturleg topografisk skilje når ein no må revidera skulekrinsgrensene mellom Langeland skule og Tjødnalio skule.

Særleg farleg eller vanskeleg skuleveg

Elevar i 2.-10. årstrinn som bur meir enn fire kilometer frå skolen har rett til gratis skyss. For elevar i 1. årstrinn er skyssgrensa to kilometer. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skuleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda (jf. opplæringslova § 7-1)

Kommunen er ansvarleg for skyss av grunnskoleelevar og vaksne som har rett til skyss på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg, jf. opplæringslova § 13-4. Elles er fylkeskommunen ansvarleg for skyss, reisefølgje og tilsyn etter reglane i kapittel 7 i Handbok for skoleskyss. Kommunane betaler refusjon etter persontakst for grunnskoleelevar og vaksne som blir skyssa av fylkeskommunen. Fylkeskommunen skal organisere skoleskyssen i samråd med kommunen».

Elevane som bur i Hornelandsvågen og dei fleste som bur på Heiane Sør/Horneland får i dag skyss til Langeland skule når dei går i første klasse. Det vil og gjelda for framtidige elevar busett i Hatlandsåsen. Dersom elevane frå desse bustadfelta får Tjødnalio skule som sin nærskule vil det medføre rett til skuleskyss, då skulevegen er lengre enn 4 km.

Vegmynde har ikkje definert skulevegen mellom bustadfelta og Langeland skule som særleg farleg. Dette gjeld heller ikkje vegen mellom bustadfelta og Tjødnalio skule. Det vert i dag gjort konkrete vurderingar om å gje elevar frå desse bustadfelta skyss til Langeland skule grunna farleg skuleveg i perioden 01.10-31.03.

Uavhengig av kva skule elevane skal gå til vil skulevegen ha ei akseptabel reisetid i høve til Handbok for grunnskuleskyss.

Søsken på same skule

Både gjeldande rettleiande forskrift og revidert rettleiande forskrift tek omsyn til subjektive forhold som søsken. Det inneber at sjølv om kringsgrensestreken tyder at du høyrer til ein skule, kan det forhold at du har søsken på ein annan skule, medføre at den andre skulen er eleven sin nær-skule.

Elevar som bur i bustadfelta, som har søsken på Langeland skule, kan etter ei konkret vurdering såleis verta tildelt Langeland skule som sin nærskule, sjølv om kringsgrensestreken talar for at dei soknar til Tjødnalio skule, jf. revidert framlegg til forskrift.

Kommunane er gjennom Barnekonvensjonen også plikta til å leggja vekt på det som er best for barnet ved fastsetting av skulekrinsar.

Kapasitet på skulane

Det er kapasiteten på Langeland skule som er bakgrunnen for at justeringa av grensene vert teke opp.

3 NÆRARE OM KAPASITET

I brev til Fylkesmannen i Buskerud (21.09.09) gjer Utdanningsdirektoratet greie for ulike utfordringar med kapasitet og fastsetting av kringsgrenser:

Kapasitet og nærskuleprinsippet

Her går det fram at førearbeida opnar for at kapasitet kan vektleggjast ved praktisering av nærskuleprinsippet, og at ei forskrift om kringsgrenser som legg vekt på kapasitet er lovleg. Det blir likevel påpeika at det er avgrensa høve til å leggja vekt på kapasitet.

Utdanningsdirektoratet seier her at etter deira vurdering «*Blir det først aktuelt å legge vekt på kapasitet når det kan dokumenteres at en skole er full. Kommunen må i en eventuell lovlighetskontroll av forskriften eller behandlingen av en klagesak kunne dokumentere for Fylkesmannen at skolen er full*».

Kva vil det seia at ein skule er full?

Her seier Utdanningsdirektoratet i same brev:

«Det at skolene skal fylles opp i forhold til sin kapasitet, innebærer imidlertid ikke at de skal være så fulle at en elev fra eller til gjør at elevtallet på skolen blir ulovlig stort, jf. opplæringsloven kap. 9a. En skole er full i nærskuleprinsippet forstand når elevtallet har nådd en viss grense - skjønnsmessig, pedagogisk og bygningsmessig. Med et slikt maksimumstall som bakgrunn, må kommunen fordele de øvrige elevene på andre skoler på en forsvarlig og likeverdig måte.»

Spørsmålet er om Langeland skule er definert som skjønnsmessig, pedagogisk og bygningsmessig full.

Skjønnsmessig full

Når prognosetala i skulebruksplanen tyder på at talet på 1. trinnet til neste år er 63 elevar, tilseier det ein situasjon der det fysiske arbeidsmiljøet og vilkåra for god pedagogiske tilrettelegging vil bli sett alvorleg under press. Tiltak bør derfor setjast i verk no.

Prognosen for åra frametter legg an til eit noko lågare elevtal, men då er framtidige elevar i Langelandsåsen og Hatlandsåsen ikkje teke med.

Langeland skule vert vurdert som skjønnsmessig full.

Pedagogisk full

Opplæringslova § 8-2 stiller krav om at klassane/gruppene ikkje må vera større enn det som er forsvarleg ut frå pedagogiske omsyn, t.d. kva som er den einskilde elev sitt faglege og sosiale behov, samt omsynet til inkluderande opplæring. Om Langeland skule frametter får 18 klassar blir det uråd å få til ei fleksibel organisering. Sjølv om fleire lærarar kan få ansvar for og vera til stades i opplæringa for elevane, vil det gi utfordringar å leggja til rette for eit godt læringsmiljø med eit elevtal som tilseier meir enn 3 klassar på tre trinn og to klassar på to trinn til ei kvar tid. Det vert lagt til grunn at skulen er pedagogisk full med 17 klassar, 18 med innføringsklassen (Innføringsklassen er eit undervisningstilbod til nyankomne minoritetsspråklege elevar i grunnskulealder som ikkje kan norsk.)

Langeland skule vert vurdert som pedagogisk full.

Bygningsmessig full

Opplæringsloven § 9a-2 stiller krav om det fysiske arbeidsmiljøet til elevane.

Langeland skule har i dag romkapasitet til tre klassar på tre trinn og to klassar på fire trinn. Dette inneber totalt 17 klassar og dersom alle klassar hadde hatt 28 elevar, ville skulen hatt 476 elevar. I realiteten er det likevel ikkje slik at alle klassar vil ha 28 elever. Det fleste romma på Langeland skule vil ha plass til 28 elevar, men ikkje alle.

Skulebruksplanen tilrår heller ikkje at barneskulane i Stord kommune skal ha ein elevmasse på over 400 elevar, jf. Skulebruksplan, Stord kommune 2012-2020. Skulebruksplanen set og ei anbefalt norm for uteareal på 50 kvm per elev. Ut i frå desse normkrava har elevane ved Langeland skule i dag ikkje stort nok netto uteareal.

Skulen må også ha rom for individuelle tilpassingar, herunder elevar med særlege behov som krev eit større areal. Dette kan føre til at skulen ikkje har undervisningsrom til meir enn 16 klassar, 17 med innføringsklassen.

Opplæringslova og læreplanen stiller krav til skulen om tilpassa opplæring. Det er ei utfordring for skulen å leggja til rette for læring på ulike måtar i ulikt tempo og med ulike rammer, når kapasiteten er så godt utnytta.

I dag har skulen 425 elevar fordelt på 19 klassar og nyttar spesialrom til undervisning. Sidan det oppstod kapasitetsproblem så seint som i mai månad for skuleåret 2017/18, vart ei mellombels løysing på kapasitetsproblema å ta i bruk spesialrommet som klasserom. Det å ha 19 klassar er difor ei ordning som kan løysa utfordringane mellombels, men som ikkje kan vera ei varig løysing dersom ein skal ivareta kravet i lova.

Den 19. klassen på Langeland skule er innføringsklassen. Innføringsklassen er organisert som ei eiga gruppe på skulen og har i dag 11 elevar. Flytting av innføringsklassen til ein annan skule har vore vurdert for å avhjelpa situasjonen. Men dei fleste elevane vil under alle omstende kunna velja bort innføringsklassen, og mange av desse vil som bebuarar på Heiane mottak ha Langeland skule som sin nærskule. Årsaka til dette er at mange av dei bur på Heiane mottak. Ein ser derfor ikkje at det å flytta innføringsklassen vil avhjelpa situasjonen.

Langeland skule vert vurdert som bygningsmessig full.

Rådmannen vurderer på denne bakgrunn Langeland skule som skjønsmessig, pedagogisk og bygningsmessig full.

Heilskapleg vurdering

Ut frå ovanstående vurderingar gjer rådmannen framlegg om justering av kringrensa mellom Tjødnalio og Langeland skule. Ei slik justering kan gjerast på to måtar.

Alternativ 1: Bustadfelta Heiane Sør/Horneland, Hornelandsvågen og Hatlandsåsen (sjå kart) får Tjødnalio som sin nærskule. Elevane vil ha rett på skuleskyss då avstanden til Tjødnalio skule er over 4 km.

Alternativ 2: Bustadfelta Hornelandsvågen og Hatlandsåsen får Tjødnalio som sin nærskule. Elevane vil ha rett på skuleskyss då avstanden til Tjødnalio skule er over 4 km.

Alternativ 1 omfattar tre bustadfelt. Dette alternativet vil gje rom for at elevar som bur i bustadfelta, som t.d. har søsken på Langeland skule, etter ei konkret vurdering kan verta tildelt Langeland skule som sin nærskule. Årsaka til dette er at skulen vil kunna ha kapasitet til å ta imot desse elevane dersom ein overfører borna i dei tre bustadfelta til Tjødnalio skule.

Alternativ 2 vil ikkje gje same mogleik til å ta slike omsyn då Langeland skule då ikkje kjem til å ha tilstrekkeleg kapasitet. Årsaka til at Hornelandsvågen og Hatlandsåsen er valde i alternativet, er at E-39 mot Skjersholmane kan utgjera eit naturleg topografisk skilje, viser til drøftinga over.

Rådmannen tilrår alternativ 1 då dette vil medføra at kommunen har mogleik til å ta individuelle omsyn.

4. VURDERING AV KAPASITET PÅ ALLE BARNESKULANE I KOMMUNEN

I vedtaket frå komiteen heiter det at «*Føremålet med revisjonen er å justere krinsgrensene mellom skulane i Stord kommune med verknad frå 2018/2019.*» Rådmannen forstår det slik at alle krinsane skal vurderast. Stord kommune har tre oppvekstområder med to eller tre barneskular og ein ungdomsskule i kvart område. Dei fleste elevar i Stord har relativt kort skuleveg til både ein og to barneskular. Ingen av barneskulane er i dag fulle, med unntak av Langeland skule. Ein har difor vald å berre leggje fram tal for 1. trinn, for å få eit oversyn over eventuelle framtidige kapasitetsutfordringar. Tala i tabellane under er basert på opplysningar frå Folkeregister.

4.1 Langeland skule

Tabell 1 syner tal elevar på 1. trinn ved Langeland skule, i perioden 2018-2023.

Tabell 1. Prognose, elevar på 1. trinn, Langeland skule, basert på gjeldande rettleiande forskrift				
2018/19:	2019/20:	2020/21:	2021/22:	2022/23:
63	52	60	48	41

Tabell 2 syner tal klassar ved skulen for skuleåra 2018-2023.

Tabell 2. Prognose, tal klassar på trinna, Langeland skule, basert på gjeldande rettleiande forskrift					
Trinn:	2018/19:	2019/20:	2020/21:	2021/22:	2022/23:
1	3	2	3	2	2
2	3	3	2	3	2
3	3	3	3	2	3
4	2	3	3	3	2
5	2	3	3	3	3
6	2	2	3	3	3
7	3	2	2	3	3
Tal klassar	18	18	19	19	18

Tabell 3 og 4 under syner elevtalet på 1. trinn ved Langeland skule etter ei justering ut frå dei ulike alternativa. Hatlandsåsen er under bygging og elevtala i dette området er ikkje kjend. Me kjenner ikkje til kor mange elevar bustadsfeltet Langlandsåsen vil generera, eller kva tid det vert aktuelt.

Alternativ 1:				
Tabell 3. Prognose for elevtalet ved Langeland skule ved overføring av elevar frå bustadfelta Heiane Sør/Horneland, Hornelandsvågen og Hatlandsåsen til Tjødnalio skule (rådmannen sitt framlegg)				
2018/19:	2019/20:	2020/21:	2021/22:	2022/23:
40	33	46	35	24

Tabell 4. Prognose for elevtalet ved Langeland skule ved overføring av elevar frå bustadfelta Hornelandsvågen og Hatlandsåsen til Tjødnalio skule (rådmannen sitt alternative framlegg)				
2018/19:	2019/20:	2020/2021:	2021/22:	2022/23:
53	44	58	43	34

4.2 Tjødnalio skule

Skulen kan ha elevar tilsvarande to klassar (56 elevar) pr. trinn, men vil dei næraste seks åra ha eit elevtal som varierer mellom 26 og 45 elevar på 1. trinn. Skulen har såleis kapasitet til å ta imot elevar frå andre skular.

Tabell 5. Prognose, elevar på 1. trinn, Tjødnalio skule, basert på gjeldande rettleiande forskrift				
2018/19:	2019/20:	2020/21:	2021/22:	2022/23:
26	36	45	35	35

Tabell 6. Prognose: Elevar på 1. trinn, Tjødnalio skule ved overføring av elevar frå bustadfelta Heiane Sør/Horneland, Hornelandsvågen og Hatlandsåsen frå Langeland skule (rådmannen sitt framlegg)				
2018/19:	2019/20:	2020/21:	2021/22:	2022/23:
49	45	59	48	52

Tabell 7. Prognose: Elevar på 1. trinn, Tjødnalio skule ved overføring av elevar frå bustadfelta Hornelandsvågen og Hatlandsåsen frå Langeland skule (rådmannen sitt alternative framlegg)				
2018/19:	2019/20:	2020/21:	2021/22:	2022/23:
36	44	47	40	42

4.3 Sagvåg skule

Elevtalsprognosane fram mot skuleåret 22/23 syner ein nedgang i talet på nye førsteklasingar ut frå siste tal henta frå Folkeregisteret.

Tabell 10. Prognose, elevar på 1. trinn, Sagvåg skule				
2018/19:	2019/20:	2020/21:	2021/22:	2022/23:
21	16	16	11	10

4.4 Leirvik skule

Skulen har i dag eit elevtal på 364. Leirvik skule har i prinsippet kapasitet til tre klassar på tre trinn og to klassar på fire. Skulen kan ut frå talet på klassar ta imot fleire elevar på 1. trinn frametter. Skulen har kapasitet til å ta i mot dei elevane som høyrer til skulekrinsen, og ein har dermed ikkje heimel for å flytta elevar på grunn av kapasitetsproblem.

Tabell 12. Prognose, elevar på 1. trinn, Leirvik skule				
2018/19:	2019/20:	2020/21:	2021/22:	2022/23:
44	30	52	40	39

4.5 Litlabø skule

Litlabø skule er som Sagvåg skule dimensjonert for ein klasse pr. årssteg. Skulen har med jamn fordeling av elevar på alle trinn kapasitet til å ta imot 200 elevar. Etter at kringsgrensene vart justert i 2014 har elevtalet på skulen auka, og ligg i dag på 106 elevar. Elevtalet er forventa å auka til rundt 130 elevar i 2022/23.

Tabell 13. Prognose, elevar på 1. trinn, Litlabø skule				
2018/19:	2019/20:	2020/21:	2021/22:	2022/23:
20	16	13	20	18

4.6 Hystad skule

Hystad skule har kapasitet til 400 elevar, og har no 295 elevar. Kapasiteten er dermed god.

Tabell 14. Prognose, elevar på 1. trinn, Hystad skule				
2018/19:	2019/20:	2020/21:	2021/22:	2022/23:
45	34	40	41	35

4.7 Rommetveit skule

Rommetveit skule har plass til 300 elevar. Av skulebruksplanen går det fram at elevtalet på 1.trinn for dei fleste åra kan utløyse to klassar. Dei siste tala frå folkeregisteret stadfestar dette. Skulen har i dag 235 elevar.

Tabell 15. Prognose, elevar på 1. trinn, Rommetveit skule				
2018/19:	2019/20:	2020/21:	2021/22:	2022/23:
31	29	30	34	43

5 DEFINERING AV NÆRSKULEN OG FRITT SKULEVAL

Det kan vera at skuleeigar må gjera vurderingar av kva som er eleven sin nærskule, ut frå subjektive forhold som t.d. søsken. Subjektive forhold kan innebera at eleven sin nærskule er ein annan skule enn den grensene i kartet tilseier. Føresette kan innan 01.12. kvart år søkja skuleeigar om kva skule eleven skal byrja på kommande skuleår.

Det kan også være at eleven vil søkje om å gå på ein annan skule enn nærskulen, såkalla fritt skuleval.

Desse søknadene vert handsama administrativt i Stord kommune, men kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland.

6 ENDRINGAR RETTLEIANDE FORSKRIFT OG KAPASITETEN VED UNGDOMSSKULANE

Ut frå dagens rettleiande forskrift vil Nordbygdo ungdomsskule og Stord ungdomsskule ha om lag same elevtal, men med ein liten reduksjon for Stord ungdomsskule. Ei overføring av elevar frå Langeland til Tjødnalio vil føra til at Nysæter på sikt får ein auke i elevtalet, dersom ein legg til grunn at elevar frå skulane Tjødnalio, Sagvåg og Litlabø skal gå til Nysæter ungdomsskule. Nærskuleprinsippet tilseier derimot at E-39 mot Bømlafjordtunellen kan vera eit naturleg geografisk skilje mellom elevar som har Stord ungdomsskule som sin nærskule, og elevar som har Nysæter ungdomsskule som sin nærskule. Rådmannen føreslår difor at elevar frå Heiane Sør/Horneland, Hornelandsvågen og Hatlandsåsen framleis har Stord ungdomsskule som sin nærskule, sjølv om dei får Tjødnalio skule som sin barneskule. Søknader om fritt skuleval for desse tre bustadfelta vil på ungdomstrinn-nivå verta søkt imøtekomne.

7 KONKLUSJON

På bakgrunn av reviderte elevtalsprognosar er det med heimel i opplæringslova og vedtak i komité for oppvekst og utdanning sak 6/17 laga utkast til revidert rettleiande forskrift om kringsgrenser, jf. vedlagde kart.

Rådmannen gjer framlegg om justera kringsgrensene mellom Langeland og Tjødnalio skulekrinsar. Rådmannen meiner dette vil løysa kapasitetsproblema ved Langeland skule. Dei andre krinsane i Stord vert ikkje berørt av framlegget.

I alternativ 1 ligg at bustadfelta Heiane Sør/Horneland, Hornelandsvågen og Hatlandsåsen får Tjødnalio som sin nærskule. I Alternativ 2 foreslår rådmannen å la Heiane Sør/Horneland få behalda Langeland som sin nærskule medan Hornelandsvågen og Hatlandsåsen får Tjødnalio som sin nærskule.

Rådmannen har vurdert samlege kringsgrenser men finn ikkje heimel eller rom for endringar utanom mellom Tjødnalio og Langeland skule.

Rådmannen tilrår alternativ 1, men oppmodar høyringsinstansane om å kommentera begge alternativa.